

LOV 1989-06-09 nr 32: Lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument [pliktavleveringslova]. [Skriv ut](#)

DATO: LOV-1989-06-09-32
DEPARTEMENT: KUD (Kulturdepartementet)
PUBLISERT: ISBN 82-504-1508-6
IKRAFTTREDELSE: 1990-07-01
SIST-ENDRET:
ENDRER:
SYS-KODE: BG05c
NÆRINGSKODE: 342
KORTTITTEL: Pliktavleveringslova – avlv.

[Sentrale forskrifter](#)

INNHold

Lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument [pliktavleveringslova].

- § 1. Føremål
- § 2. Geografisk verkeområde
- § 3. Definisjonar
- § 4. Kva som skal avleverast
- § 5. Kven som skal avlevere m.m.
- § 6. Når den avleveringspliktige ikkje er handlefør
- § 7. Inndrege dokument
- § 8. Tvangsfullføring
- § 9. Straff
- § 10. Ikraftsetjing

LOV om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument [pliktavleveringslova].

Jf. *tidlegare* anordn. 25 apr 1732 og 10 jan 1781, res. 21 feb. 1815, lover 15 juli 1839 § 89, 20 juni 1882 og 9 juni 1939 nr. 2.

§ 1. Føremål

Føremålet med denne lova er å tryggja avleveringa av dokument med allment tilgjengeleg informasjon til nasjonale samlingar, slik at desse vitnemåla om norsk kultur og samfunnsliv kan verta bevarte og gjorde tilgjengelege som kjeldemateriale for forskning og dokumentasjon.

§ 2. Geografisk verkeområde

Kongen kan fastsetja at lova òg skal gjelda for Svalbard og den norske delen av kontinentalsokkelen.

§ 3. Definisjonar

I denne lova vert desse omgrepa nytta slik:

- Medium: noko som kan lagra informasjon.
- Dokument: eitt eller fleire like eksemplar av eit medium som lagrar informasjon for seinare lesing, lyding, framsyning eller overføring.
- Utgjevar: den som for eiga rekning lagar eller får laga eit dokument for å gjera det tilgjengeleg for allmenta.
- Produsent: den som framstiller eksemplar av eit dokument for ein utgjevar.
- Importør: den som for eiga rekning tek inn i landet dokument utgjeve i utlandet, for å gjera det tilgjengeleg for allmenta i Noreg.

Eit dokument er gjort tilgjengeleg for allmenta når

- eksemplar av dokumentet vert bode fram for sal, utleige eller utlån, eller når dokumentet på annan måte vert spreidd utanfor ein privat krins,
- informasjonen i dokumentet vert gjort tilgjengeleg utanfor ein privat krins gjennom framføring, framsyning, kringkasting, direktekopling e.l.

§ 4. Kva som skal avleverast

Dokument som er gjort tilgjengeleg for allmenta skal avleverast slik:

- Dokument av papir eller papirliknande medium, mikroformer og fotografi i sju eksemplar.
- Lydfesting, film, videogram, edb-dokument og kombinasjonar av desse dokumenttypene i to eksemplar.
- Opptak av kringkastingsprogram i eitt eksemplar.

Dokument laga i utlandet skal berre avleverast dersom det er laga for norsk utgjevar eller særskilt tilpassa allmenta i Noreg.

Kongen kan gjera unntak frå eller avgrensa avleveringsplikta og gje særskilde føresegnar om kva form eller kvalitet avleveringseksemplar skal ha og om kva opplysningar som skal følgja dokumentet.

§ 5. Kven som skal avlevere m.m.

Avleveringsplikt kan påleggjast utgjevar, produsent og importør av dokument som vert gjort tilgjengeleg for allmenta, og dessutan den som i kraft av lov eller konsesjon har rett til å driva kringkasting.

Dokument skal avleverast utan vederlag. Når avleveringseksemplara representerer ein svært stor kostnad for den avleveringspliktige, kan mottaksinstitusjonen etter søknad gje heil eller delvis refusjon for produksjonskostnadene.

Sending av dokument til mottaksinstitusjonen skal kostast av den avleveringspliktige.

Kongen fastset nærare reglar om kven som har avleveringsplikt, kvar avleveringspliktig dokument skal sendast, tidspunktet for innsending og korleis sendinga skal skje.

§ 6. Når den avleveringspliktige ikkje er handlefør

Ved konkurs eller død skal buet oppfylla avleveringsplikta.

§ 7. Inndrege dokument

Kongen kan påleggja påtalemakta å syta for avleveringa, dersom avleveringspliktig dokument vert inndrege.

§ 8. Tvangsfullføring

Avleveringskrav etter føresegner gjevne i eller i medhald av denne lova er tvangsgrunnlag.

§ 9. Straff

Den som med vilje eller aktaust handlar i strid med føresegner gjevne i eller i medhald av denne lova, kan straffast med bøter.

§ 10. Ikraftsetjing

Kongen fastset når denne lova skal ta til å gjelda. — — —

Frå 1 juli 1990 etter res. 25 mai 1990 nr. 366.

Databasen sist oppdatert 8. juli 2011